

## **Referat frå møte i Kommunalt FAU**

**Onsdag 04.04.2018, kl 18.00-19.00**

**Kommunestyresalen, kommunehuset på Sand**

Desse møtte: Maren Landsnes og Turid Milje Johnsen (Jelsa skule), Randi S. Leirvik (Erfjord skule), Aud Nora Kalbekdalen (Nesflaten oppvekstsenter), Marte Berekvam (Sand Ungdomskule), Maria Klungtveit (Vinjar skule), Nina Østebø (Marvik skule).

Meldt forfall: Silje Katrin Lunde, Morten Bakken, Eirik Oddmar Iversen, Linda Hatlevoll Dahle, Sverre Vik. Det møtte ingen representantar frå Vanvik oppvekstsenter.

### **Sak 1: Godkjenning av innkalling og møtereferat**

Ingen kommentarar.

### **Sak 2: Vikarsituasjonen på skulane i Suldal kommune**

Det har komme innspeil på at det har vore ein utfordrande situasjon i høve vikarar spesielt på Erfjord skule over tid. Mangel på kvalifiserte vikarar gjeld etter det ein forstår og andre skular i kommunen, og foreldre er bekymra for situasjonen. Ein ønsker å melde denne bekymringa til kommunen og komme med forslag til tiltak. Det bør leggast vekt på rekrutteringsarbeid, og kommunen bør lyse ut stillingar tidlegare enn det som har blitt gjort. Forslag om også å stille på rekrutteringsarenaer på universitet/høgskular. Det vil og vere viktig å tilby vidareutdanning for lærarar som ønsker det, for å sikre kvalifisert personale. KFAU ønsker å sende brev til kommunen for å understreke dette. Det bør og nemnast at det har skjedd, og skjer, positive ting på rekrutteringsfronten, til dømes at stillingar for kommande skuleår blei lyst ut nokså tidleg.

Nina skriv utkast til brev.

### **Sak 3: SFO vedtekter**

Nina Østebø erkærte seg ugild i denne saka.

KFAU ønsker å klage på levekår sitt vedtak om endring av SFO-tilbodet. Det ein reagerer på er saksbehandlingsfeil. I tillegg vil KFAU understreke nok ein gong at endringane fører til at fleire familiar blir tvinga opp i eit dyrare tilbod og må betale for fleire timer enn dei eigentleg

treng. Dette igjen fører til at fleire vel å ikkje bruke SFO men heller sende ungar heim åleine etter skulen. Dette meiner KFAU er ein uheldig situasjon. Maria skriv utkast til brev.

Ein ønsker og å etterspørre søkerstal for SFO for kommande skuleår.

#### **Sak 4: Ymse**

- Gjennomgang av kva som rører seg ved dei ulike skulane/oppveksentra
- Nye vedtekter for KFAU ligg ikkje på heimesida. Maren undersøker med Mirela om desse blei vedtatt.
- Ein etterlyser svar på brev angåande trafikksikkerheit (sendt i fjar?). Maren spør Mirela.
- Forslag om å opprette KFAU-gruppe på facebook for å lette kommunikasjonen.
- Neste KFAU-møte blir torsdag 27. september 2018, men konstituering av nytt KFAU. Ønske om at nye klassekontaktar er klare og stiller på dette møtet.

Referent Randi S. Leirvik